



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
63/21	Næring- og miljøutvalet	31.08.2021
109/21	Formannskapet	06.09.2021

Interkommunal kystsoneplan - utlegg til 1. gongs høyring

Samandrag:

Kystsoneplanen er eit interkommunalt samarbeid mellom fem kommunar på Søre Sunnmøre, Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven kommune. Det er tidlegare utarbeidd og vedteke felles planprogram. No ligg planforslaget for kystsoneplanen klart til utlegg for offentleg ettersyn. Planforslaget inneheld felles plankart, planomtale, føresegn, konsekvensutgreiing og ROS for dei fem kommunane. I Hareid kommune er det lagt ut fire nye områder for akvakultur.

Formannskapet 06.09.2021:

Nye framlegg:

Behandling:

FSK- 109/21 Vedtak:

Hareid kommune sender interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre ut på høyring og legg den ut til offentleg ettersyn, med heimel i plan- og bygningslova §§ 9 og 11-14.

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommune sender interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre ut på høyring og legg den ut til offentleg ettersyn, med heimel i plan- og bygningslova §§ 9 og 11-14.

Vedlegg:

NY_Planomtale_rev 30.08.21

NY_Føresegner_nynorsk_30.08.21

NY_Vedlegg A_konsevensutredning_rev 30.08.2021

NY_Vedlegg B Kommentarer til fråsegn

NY_Vedlegg C Informasjon om arealtilnærming arealformål mm i Kystsoneplanen

NY_Vedlegg D_Foreløpig_temakart_havbruk

NY_Vedlegg E_Gjeldande reguleringsplanar

1517-Kystsone-Plankart-forslag-kontrollert-vektor

1517kystsoneplan_ferdig_kart

Følgelbrev Interkommunal kystsoneplan_

Saksopplysningar:

Hareid kommune vedtok 04/05/2017 i sak KST PS 28/17 med heimel i plan- og bygningslova §11-13 å starte opp planarbeid for interkommunal kystsoneplan for Hareid-, Ulstein-, Herøy-, Sande- og Vanylven kommune. Hareid formannskap vedtok i møte 14/05/2018 sak PS FSK 61/18 i samsvar med PBL av 2008 å legge forslag til planprogram til offentleg ettersyn. Samstundes med utlegg til offentleg ettersyn vart det varsla om oppstart og kunngjering av planarbeidet, jf. §§ 11-12 og 11-13. I etterkant vart planprogrammet vedteke.

Kommunane har hatt planprogrammet ute på offentlig høring i medhald til Pbl § 11-12. Merknader til planprogrammet er mottatt frå regionale myndigheter sektormyndigheter og frå lag og foreiningar. Merknadene er handsama og mindre endringar er lagt inn i planprogrammet etter vedtak i styringsgruppa.

Planen består av følgjande dokumenter:

- Planprogram
- Plankart for på den enkelte kommune
- Planomtale
- Føresegner
- Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

Vurdering og konklusjon:

Kommunane Hareid, Herøy, Sande, Vanylven og Ulstein har gått saman om å utarbeide ein interkommunal kystsoneplan på kommuneplannivå. Planarbeidet er organisert som eit interkommunalt plansamarbeid, jf. Pbl. § 9.

Kommunedelplanen (Kdp) er interkommunal plan som oppfører seg som § 11-plan på dei aller fleste punkt, men som skal vedtakast etter §§9 og 11-4. Forskjellen mellom paragrafane er følgjande:

§ 9-2 Organisering: *"Planarbeidet ledes av et styre"*

§ 9-3 *"For planprosess og innhold i planene gjelder reglene for vedkommende plantype, jf. kapittel 11 og 12. Hver kommune har ansvar for at saksbehandlingsreglene følges innenfor sitt område. Hvert kommunestyre*

treffer endelig planvedtak for sitt område." Paragrafen viser at styringsgruppa ikke egentlig har makt, og at hvert kommunestyre har vedtaksmakt.

§ 9-5. Uenighet: *"Er kommunene uenige om innholdet i et samlet planforslag, kan styret eller den enkelte kommune anmode fylkesmannen eller regional planmyndighet om å mekle. En kommune kan med tre måneders skriftlig varsel tre ut av plansamarbeidet. De øvrige kommunene kan fortsette plansamarbeidet for det området de dekker".* Planforslaget fremstår som en helhet, og uenigheter skal mekles over.

§ 9-6 Gjennomføring og endring: *"Partene i et interkommunalt plansamarbeid bør inngå avtale om gjennomføring av planer som er vedtatt på grunnlag av slikt samarbeid, når det er behov for samordning av bruk av virkemidler for gjennomføring. Dersom en kommune eller regional planmyndighet ensidig ønsker å endre en plan etter kapitlet her, skal de øvrige deltakende og berørte parter få skriftlig varsel om dette før planarbeidet starter." I planarbeidet har det vært varsel i alle kommunene samtidig om at planarbeidet startet, samt at det er gjort politiske vedtak i den enkelte kommune.*

§ 11 er en vanlig kommuneplan, og under her ligger kommunedelplan.

Forskjellene er følgende: Under § 11 har kommunen all makt når det gjelder endring av sine planer. Under § 9 må kommunene gi beskjed til de andre kommunene om at de skal gjøre endringer. Kommunestyrene er suverene i sine vedtak, og kan vedta planen eller ikke, evt. si opp samarbeidet med 3 mnd oppsigelse. Det er i praksis kun § 9-6 som står i veien for at planen kan fungere på akkurat samme måte som en kommunedelplan vedtatt etter § 11. Det betyr at kommunene under § 9 vil få **en** konkret, lovfestet konsekvens: samtlige samarbeidskommuner blir å anse som parter under høring av planer som berører kysten, når de vedtar å endre planen i etterkant. Det vil teknisk sett være slik inntil kommunene velger å oppløse den, ved en ny plan som dekker det arealet.

Det er kun § 9-6 som legg føringar og som seier at "du SKAL gjøre noe", mens planen elles oppfører seg som en § 11-plan for den enkelte kommune. Dei juridiske konsekvensane av å vedta interkommunalt samarbeid jf. § 9 er at den enkelte kommune må sende varsel til alle dei andre kommunane om endringar i sine sjøareal, der man tidligare sendte varsel kun til nabokommunane.

Interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre utgjør ei felles plattform for ei bærekraftig forvaltning av sjøareala på Søre Sunnmøre. Planen skal gje sjøretta næringar moglegheit til auka verdiskaping i tråd med prinsippet om bærekraftig utvikling samstundes som andre interesser vert ivareteke. Eksisterande og framtidig arealbehov til ulike aktivitetar må vegast mot kvarandre, miljøforhold, lokale og politiske interesser, samt føringar frå nasjonale myndigheiter. Planen dekker sjøområda i dei enkelte kommunane, og skaper ei føreseieleg og avklart situasjon for næringsliv og andre aktørar som ynskjer å ta i bruk sjøareal.

Det er laga plankart for kvar enkelt kommune slik at den enkelte kommune kan vedta arealbruk i eigen kommune. Førsegna er saman med plankartet den juridisk bindande delen av planen. Retningslinjene for planen ligg i same dokument som førsegna. Retningslinjene gir ikkje heimel for vedtak, men er ei hjelp til tolking av førsegna og er retningsgivande for kommunen si sakshandsaming.

Planomtalen omtalar føringar for planarbeidet frå lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Vidare gir dokumentet ei skildring av planprosessen og av korleis problemstillingane i planen er løyst.

Konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) er vedlegg A til planen. Det er utarbeida KU for alle forslag til ny arealbruk. Det er også laga ei overordna KU og ROS for planen, samt ei oversikt over samla konsekvensar av planforslaget. Konsekvensutgreiinga er ein viktig del av avgjerdsgrunnlaget for planforslaget.

Det er viktig å sjå samanheng mellom plan, enkeltsaksbehandling og drift. Kdp opnar for nye og sett av areal for akvakultur og for fleirbruksområder, mens det er nasjonale myndigheiter som avgjer kva areala skal fylles med. Det er også nasjonale myndigheiter som avgjer driftskrav til akvakultur. I tillegg skal fem sektormyndigheiter enkeltsaksbehandle og eventuelt gi løyve jf. Akvakulturloven.

Akvakultur: Det eit ynskje frå næringa om etablering i større og meir eksponerte areal. Totalt er det kome inn 8 nye innspel om akvakultur til planen, der 4 er nye lokalitetar og dei resterande er arealendring/flytting av etablerte lokalitetar. Disse er utgreia i vedlegg A. Enkelttiltak er utgreia i kap. 3, medan kap. 4 er en overordna konsekvensutgreiing.

For Hareid kommune er det fire nye lokalitetar, Attavika, Uravika, mellom Nørdre- og Søre neset og Laupsvika. Område er utforma med eit avgrensa område til anlegg, og eit større område for fortøying. Innspel knytt til storleik, nøyaktig plassering og førsegner tas gjerne imot.

Fiske: Fiskeområda er satt av i samarbeid med Fiskeridirektoratet og er bygd på nye og kvalitetssikra kystnære fiskardata (2018). Disse områda omfattar viktige fiskeområde/gytefelt, område for aktive reiskap og låssettingsplassar. Det har ikkje vert store arealkonfliktar mellom fiskeri og havbruk. I område med viktige rekefelt og gytefelt har fiskeinteressene blitt tillagt størst vekt som einbruks fiske.

Ferdsl og farleier, hamner og deponi: Dei viktigaste farleiene er sikra som eigne føremål, evt. som førsegnsområde der fortøyingar ligg djupare enn 25m. Kdp tek ikkje stilling til fiskerihamner, industrihamner eller småbåthamner, då dette vert sett på som den enkelte kommune sitt anliggende og krevje reguleringsplanar. Kommunane ynskjer ikkje å sette av deponi for dumping av reine masser da tiltaka kan vere er langt unna deponia. Det må derfor søkjast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om kvart enkelt tiltak i forhold til mudring. Mudring og dumping krevjar som utgangspunkt reguleringsplan.

Friluftsliv: Kystsona i planområdet har store verdiar i forhold til friluftsliv. Det er etablert store friluftsområde i den grønne korridor på tvers av to kommunar. Dei viktigaste områda som på lang sikt der friluftsliv er prioritert er satt av til dette føremålet etter innspel frå kommunane.

Samfunnstryggleik: Det er lagt inn skredfaresone frå land og frå Åknes i kartet. Det enkelte tiltak (her: akvakultur) er konsekvensutgreia og blir vurdert i forhold til konkrete søknadar. Det er ikkje lagt inn tilpassing til venta klimaendringar, slik som høgare havnivå da installasjonar i/på sjø er lite påverka.

Natur: Naturverdiane i planområdet omfattar ville laksestammer, røye og sjøørret, lokalt og regionalt viktige gytefelt for kysttorsk, sjøfugl, og marine naturtypar. Det er gjort ei vurdering av kystsoneplanen i forhold til prinsippa i naturmangfaldslova §§8-12.

Planområdet er leveområde for fleire artar som står på Norsk raudliste for artar og dette er teke omsyn til i den overordna konsekvensutgreiinga og i konsekvensutgreiing av enkelttiltak. Det er godt kunnskapsgrunnlag for verknadane av ny arealbruk på naturmangfaldet i forhold til kommuneplanen sin arealdel i sjø. Lakselus og rømming er dei største trugslane for villaksen og sjøørret. Det er ikkje nasjonale laksefjorder i planområdet.

Samfunn: Samfunnsinteressene må vegast opp mot moglege negative konsekvensar for naturmiljøet. Samla belastning på naturmangfaldet er vurdert til å vere akseptabelt for heile planområdet sett under eit. For ytterligare skildring av planen og verknadar for miljø og samfunn blir det vist til planomtalen og konsekvensutgreiinga. Kystsoneplanen vidarefører mykje av arealbruken i gjeldande kommuneplanar når det gjeld fleirbruksområder. Det er gjennomført analyser som viser korleis hovudføremålet "Bruk og vern av sjø og vassdrag" (6001) kan vere egna til ulike former for havbruk.

Vurdering: Interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre fremjar et balansert forslag til ny arealbruk i sjøareala i regionen. Det er sett av nye område for akvakultur samtidig som andre næringsinteresser og omsyn til naturverdiar, friluftsliv, landskap og kulturmiljø er teke omsyn til.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Er vurdert i plan.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende.

Beredskapsmessige konsekvensar: Er vurdert i plan.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Ragnhild Velsvik Berge
kommunedirektør

Cecilie Breiteig
Planleggar